

Alf Harry Sagosen  
Øvrebøen 15  
5919 FREKHAUG


Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4313 - 21/28593

Saksbehandlar:  
Kaia Marie Amland  
[kaia.marie.amland@alver.kommune.no](mailto:kaia.marie.amland@alver.kommune.no)

Dato:  
28.04.2021

## Orientering om plan under arbeid

Områderegulering av Langelandskogen planid. 4637 2017-0004 starta opp i 2017. Områdeplanen legg mellom anna opp til ein gang- og sykkelveg gjennom Langelandskogen, frå Fosse til Frekhaugkrysset og mot Sagstad. Denne kan etablerast som midlertidig turveg før gang- og sykkelvegen vert etablert. Traseen blir ein viktig forbindning for gåande og syklande mellom Fosse og nye offentlege funksjonar i Langelandskogen, Frekhaug sentrum, og skule- og idrettsområdet på Sagstad. Dykkar tilkomstveg, Øvrebøen, er derfor regulert til offentleg veg (o\_SV2) i utkast til plankart, som vist i utklippet frå plankartet under. Konsekvensane av områdeplanen for Øverbøen er at den går frå privat til offentleg eige.



Figur 1 Utklipp fra utkast til plankart for Områderegulering Langelandskogen

**Kva skjer vidare?** Områdeplanen nærmar seg innlevering til sakshandsaming hjå kommunen. Når planframlegget er handsama, sender administrasjonen ei innstilling til politisk utval areal, plan og miljø (APMU). Det er APMU som vedtek om den skal leggast ut på høyring og offentleg ettersyn. I høyingsperioden kan de og andre komme med innspel til planframlegget. Områdeplan for Langelandskogen har krav om detaljregulering før byggjeområda kan byggast ut.

**Kva er ein områdereguleringsplan og ein detaljreguleringsplan?** Det finst to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Områderegulering blir til vanleg

laga av kommunen og styrer utviklinga av eit større område. Detaljreguleringar kan bli laga av både kommunen og private utbyggjarar og initiativtakrar, men ein må då forholde seg til dei overordna kommunale planane under planlegginga. Detaljreguleringar tek for seg mindre område eller enkelte tomter og gir ofte meir spesifikke føringar for kva som kan byggjast enn kva ein områderegulering gir.

Ved spørsmål og innspel til dette brevet, ta gjerne kontakt med underteiknande.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Kaia Marie Amland  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alf Harry Sagosen	Øvrebøen 15	5919	FREKHAUG
Arve Mehl	Øvrebøen 3	5919	FREKHAUG
Audhild Sagosen	Øvrebøen 15	5919	FREKHAUG
Kari Elisabeth Io	Øvrebøen 13	5919	FREKHAUG
Karsten Ove Sjøstrand	Øvrebøen 9	5919	FREKHAUG
Kjell Aase	Øvrebøen 1	5919	FREKHAUG
Kjell Werner Johansen	Øvrebøen 7	5919	FREKHAUG
Konrad Knut Io	Øvrebøen 13	5919	FREKHAUG
Kristoffer Kåre Slaatten	Ådlandsvegen 9	5919	FREKHAUG
Liv Anne Madsen	Øvrebøen 11	5919	FREKHAUG
Ole Johan Langhelle	Øvrebøen 2	5919	FREKHAUG
Ragnhild Fredrikke Slaatten	Ådlandsvegen 9	5919	FREKHAUG
Ruben Lovin Horni Ravnan	Øvrebøen 6	5919	FREKHAUG
Yrjan Bruvik	Øvrebøen 4	5919	FREKHAUG